



Årsmelding 2018

Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Driftssenteret og kontorlokala knytt til drifta er lokalisert i rådhuset på Hareid. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT tenestar, samt å ha fornøygde brukarar.

Vi er eit eige rettssubjekt og alle dei tilsette er tilsett i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT. 2018 er det fyrste året som Søre Sunnmøre IKT er organisert som eit eige selskap.

Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT avdelingar vart ført over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom deltakar kommunane strekker seg tilbake til 2005, då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap som no leverer alle dei IKT tenestane i kommunane som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT avdelingar.

Selskapet har per 31.12.2018, 25 årsverks heimlar, med 23 tilsette fordelt på 22 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 8 kvinner og 17 menn.

Sjukefråværet i 2018 var på 4,3 %, fordelt på 2,4 % langtid og 1,9 % korttid.

Selskapet har ikkje aktivitet som påverkar det ytre miljøet.

Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane

Styremedlemar per 31.12.2018:

Dag Vaagen - Sande kommune (styreleiar)

Ane Malene Sjøvik Nygård - Vanylven kommune

Arnulf Goksøyr - Herøy kommune

Knut Erik Engh - Ulstein kommune

Egil-Andre Ness Mortensen - Hareid kommune

Asbjørn Moltudal - Volda kommune

Eldar Rune Øye - Ørsta kommune

Det har vært halde 8 styremøter i 2018.




Aktivitetar

I 2018 har det vært arbeida mykje med å få på plass den nye organisasjonen. Det er 23 personar frå 7 forskjellige kommunar/organisasjonar som no er samla i eit nytt selskap og vi må jobbe fram egne rutinar og prosedyrar.

Lokala våre på Hareid er ikkje lenger store nok som felles kontorlokale, då vi treng meir plass for å samlast og bygge ein eigen organisasjons kultur. Vi har også behov for å sitte samla for å sikre kompetanseoverføring mellom dei tilsette som kom frå forskjellige kommunar. Frå 01.01.2019 flyttar vi inn i større lokalar på Reiten bygget i Ulsteinvik, servera og anna sentral infrastruktur vert fortsatt plassert i rådhuset på Hareid.

Hareid kommune har i 2018 hatt ansvaret for rekneskap, løn, personal og arkiv tenester.

Organisasjons kartet ser slik ut:



Leiargruppa består av Guttorm Rimstad, Guro Gausemel og Odd Arild Djupvik.

Vi har organisert oss i tre avdelingar:

- Driftssenteret
- Brukarstøtte / prosjekt
- Fagområder

Kvar avdeling presenterer sine aktivitetar i egne avsnitt seinare i årsmeldinga.



Søre Sunnmøre IKT

For å gje informasjon om status i selskapet, vert det kvar månad sendt ut ein rapport om økonomi, brukarstøtte og andre styringstal. Fyrste slike rapport vert levert i juni 2018 og vert publisert på intranetta til kommunane.

Gjennom 2018 har Guttorm Rimstad og Evelyn Haram Larsen vært med i to forskjellige referansegrupper for Helseplattformen. Dette er eit prosjekt som er initiert av helse Midt-Norge og har som mål å skaffe eit felles IKT system innanfor helseområdet for heile regionen. Dette vil gje tilgang på alle nødvendige helseopplysningar på tvers av fagområda i regionen. Vi deltek i desse referansegruppene for å sikre at kommunane sine interesser vert ivaretekne.

Etiske retningslinjer:

Selskapet har ikkje utarbeida egne etiske retningslinjer, men jobbar ut i frå etikk reglementet til Hareid kommune. Med tanke på arbeidsoppgåvene vi har, er teieplikta eit av dei områda vi har mest fokus på, dette kjem også inn under den nye GDPR regelverket som trådde i kraft i 2018. Det er også eit fokusområde å sikre at innkjøp av varer og tenester vert gjort innanfor regelverket om offentleg innkjøp. Vi tek ikkje imot gåver av verdi frå leverandørar og utgifter til seminar og liknande vert betalt sjølve.



Økonomi/rekneskap

Drift

Selskapet har for 2018 eit driftsbudsjett på Kr. 32.471.319.-

Rekneskapet viser eit mindreforbruk på Kr. 4.547.844.-

Av mindreforbruket vert Kr.2.000.000.- satt av til fond, Kr. 2.547.844.- vert betalt tilbake til kommunane etter fordelingsnøkkelen for 2018.

Tilbakebetalinga vert slik:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
12,50 %	16,40 %	18,30 %	16,60 %	9,80 %	10,50 %	15,90 %
307 230,50 kr	403 086,42 kr	449 785,45 kr	408 002,10 kr	240 868,71 kr	258 073,62 kr	390 797,20 kr

Fult rekneskap ligger ved som vedlegg til årsmeldinga.

Oversikt over rekneskap pr. avdeling:

Vedlegg 2

Regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regulert			Opprinneli
	Regnskap 2018	budsjett 2018	Reguleringer 2018	g budsjett 2018
Netto driftsutgifter pr Ansvar				
Driftsenteret	-20 820 418	-19 429 298	-1 923 000	-17 506 298
Brukarstøtte/prosjekt	8 919 854	10 051 020	455 000	9 596 020
Strategi	432 824	805 200	-53 000	858 200
Fag-Omsorg	2 563 843	2 625 738	1 131 000	1 494 738
Fag-Økonomi og lønn	3 087 302	3 606 540	210 000	3 396 540
Fag-Sak/arkiv og web	915 569	1 145 400	90 000	1 055 400
Fag-Oppvekst	405 818	1 180 400	75 000	1 105 400
Netto for Avdeling	-4 495 208	-15 000	-15 000	0



Investering

Investerings budsjettet var for 2018 på Kr. 18.239.480,- (inkludert mva). Selskapet aktiverer ikkje investeringane i balansen, men vidarefakturerer deltakar kommunane etter vedteke fordelingsnøkkel.

Følgande prosjekt var planlagde for 2018:

Prosjekt	Budsjett, inkl mva
Gjenstående prosjekt 2017	kr 2 383 230,00
Maskinvare driftsenterer	kr 5 375 000,00
Programvare driftsenteret	kr 3 125 000,00
IP telefoni	kr 1 875 000,00
GDPR teknisk	kr 625 000,00
Antivirus	kr 437 500,00
Egenkapitaltilskot	kr -
Gerica/omsorg	kr 400 000,00
Velferdsteknologi	kr 1 200 000,00
Agresso M7 oppgradering	kr 437 500,00
ID-Porten	kr 125 000,00
System for utfasa program	kr 125 000,00
Sak/arkiv	kr -
Tieto skule system	kr 2 131 250,00

Frå 2017 vart det vidareført Kr 4.504.480,- for prosjekt som ikkje vart avslutta.

P.g.a. blant anna mindre bemanning en planlagt i 2018, har vi ikkje fullført alle prosjekta som var planlagt dette året.

Alle summene i investerings budsjettet for 2018 er inklusiv mva, då kostnadane vart vidarefakturert kommunane i samarbeidet. Ingen investeringar er aktivert i Søre Sunnmøre IKT.

Frå 2019 vert dette endra slik at investeringane vert gjort i eige selskap. Investeringane som kommunane har aktivert i eige rekneskap i perioda 2012-2018, vert også kjøpt tilbake i 2019.

Det vert vidareført Kr. 7.766.932,- (inkl mva) til investerings budsjettet i 2019, fordelt på følgande oppstarta prosjekt:

12001	Maskinvare driftsenterer	kr 2 499 256,00
12003	IP telefoni	kr 1 241 470,00
12002	Programvare driftsenteret	kr 1 433 324,00
12302	Velferdsteknologi (helsestasjon)	kr 1 200 000,00
12401	Agresso M7 oppgradering	kr 646 650,00
12503	Sak/arkiv (2019)	kr -669 202,00
12601	Tieto skule	kr 1 415 434,00
		kr 7 766 932,00

Dei andre prosjekta vert avslutta.



Fordeling av kostnader:

Kostnadane til selskapet vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel. For 2018 er den nøkkelen 50% på antal deltakar kommunar og 50% på innbyggjar talet i kommunane.

Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
12,5 %	16,4 %	18,3 %	16,6 %	9,8 %	10,5 %	15,9 %

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltakar kommunane, so den eksakte summen vil avvike litt frå desse % tala.



Brukarundersøking

Vi har i 2018 utført brukarundersøking for tredje året. Resultatet viser ei lita auke på den samla brukartilfredsheten. Dette er ei viktig undersøking for oss, då det gjer oss tilbakemelding på korleis brukarane opplever tenestane våre.

Spørsmål	Snitt SSIKT 2016	Snitt SSIKT 2017	Snitt SSIKT 2018
IKT-avdelingen er imøtekommende når jeg tar kontakt	4,8	5	5
IKT-avdelingen yter god service ved henvendelser	4,5	4,8	4,8
IKT-avdelingen har evne til å sette seg inn i aktuelle problemstilling	4,6	4,8	4,7
IKT-avdelingen viser tilstrekkelig fleksibilitet i forhold til mine behov	4,3	4,5	4,5
IKT-avdelingen er løsningsorientert	4,6	4,8	4,7
IKT-avdelingen leverer tjenester med god kvalitet	4,4	4,6	4,7
IKT-avdelingen gir svar/tilbakemelding innen det tidspunktet de har lovet	3,9	4,3	4,5
IKT-avdelingen er tilgjengelig i arbeidstiden	4,1	4,4	4,7
IKT-avdelingen er tydelige på hva de kan hjelpe meg med	4,4	4,5	4,5
IKT-avdelingen har tilstrekkelig kapasitet/tid til å imøtekomme mine behov	3,5	3,8	4,2
Alt i alt, jeg er fornøyd med tjenesten jeg får fra IKT-avdelingen	4,3	4,6	4,7
Snitt	4,3	4,5	4,6

Medarbeidarundersøking

Vi har også i år hatt medarbeidar undersøking. Dette gjer os verdigfull informasjon om korleis dei tilsette er fornøgd med arbeidsforholda. Frå 2017 til 2018 ser vi at tala for heilhets vurderinga og samla snitt er stabile, enkelte andre områder har variert litt opp og ned. Vi tek tak i dei områda med svakast resultat og vil jobbe med å forbetre desse områda.

Medarbeidarundersøking	2017	2018
Organisering av arbeidet	5,0	4,6
Innhold i jobben	5,1	5,1
Fysiske arbeidsforhold	4,4	4,3
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,9	5,1
Mobbing diskriminering og varsling	4,8	4,9
Nærmeste leder	4,9	4,9
Overordnet ledelse	4,1	4,4
Faglig og personlig utvikling	4,8	4,9
Systemer for lønns- og arbeidstidsordninger	4,8	4,8
Stolthet over egen arbeidsplass	5,1	4,9
Helhetsvurdering	5,2	5,1
Snitt	4,8	4,8



Driftssenter

2018 vart eit hektisk fyrsteår med alle saman formelt tilsette i Søre Sunnmøre IKT. Vi har på denne avdelinga vore underbemanna, og det gjer også sitt til at vi ikkje kom i mål med alt vi hadde tenkt å gjennomføre i 2018. Særleg gjeld dette oppstart med overgang til sentralt levert IP telefoni, slik at vi kan kutte stort i linjekostnaden ute i kommunane, og prosjektet med å etablere backuplokasjon for alle våre løysingar i Volda.

Nettverk

Det mest ressurskrevjande gjennom året har vore opprydding, vekst og planlegging for ny vekst innan nettverk. I tidsrommet juni 2018 - desember 2018 hadde vi ei heil stilling oppteken med dette arbeidet, og vi opplevde ein større vekst i nettverket i 2018, enn det vi gjorde i 2017. I tillegg nytta vi også gjennom året om lag 160% stillingsressursar frå brukarstøtteavdelinga til arbeidet med utbetring av nettverk i kommunane. Skular og omsorg er dei store drivarane bak dette. Innan skule opplever vi at stadig fleire kommunar siktar seg inn på 1:1 forhold mellom eining og elev, noko som krev ein solid trådløs infrastruktur. Ingen kommunar har hatt skulebygg som har vore dimensjonerte eller korrekt sett opp for å handtere veksten i talet på einingar på ein god måte, men vi opplever å ha ein god dialog med kommunane på dette no. For omsorgssektoren er det velferdsteknologi som driv utbygginga framover. Vi opplever forståing for at det er viktig å budsjettere med infrastrukturtiltak før ein investerer i nye einingar, og at kommunane vert stadig flinkare til å melde inn og be om råd frå oss på dette feltet. Det er veldig bra og gjer opplevinga ute hos brukarane langt betre, når ein kjem med nye einingar og løysingar som skal takast i bruk.

Annan sentral infrastruktur:

I løpet av våren 2018 gjorde vi også eit bytte av ytre brannmurcluster. Der hadde vi rett og slett vekse ut av maskinvaren om lag eit år før vi hadde rekna med. For lite maskinvareressursar på ein slik sentral komponent fører til mykje misnøye og ikkje minst ei dårleg brukaroppleving. Reint teknisk måtte vi også slå av fleire viktige tryggleiksmekanismar i dei siste månadane dei gamle boksane var i sving, slik at trafikkmengda skulle flyte gjennom i ei akseptabel fart. Det er eit omfattande arbeid å gjere arbeid på slike sentrale komponentar, då kravet om oppetid berre aukar og aukar. Så planlegging og gjennomføring av dette var arbeidskrevjande.

Vidare gjennom året bytta vi også ut ein annan sentral maskinvarekomponent, Citrix Netscaler clusteret for interne soner. Dette er eit nav i leveransen av våre tenester og 100% oppetid er heilt avgjerande for at personar i det heile teke skal kunne logge på svært mange av tenestene vi leverer. Her gjorde vi eit gradvis skifte, sette opp ny maskinvare, og deretter flytta teneste for teneste over til det nye clusteret. Det tok litt tid å gjere det på denne måten, men samstundes så er det ein trygg måte og brukarane opplever ikkje nedetid.

Nye fagsystem:

På vårhalvåret tok Tieto Education ein god del tid. Leveransen viste seg å ikkje vere klar frå Tieto si side, og det vart mykje aktivitet for å få dette i fungerande stand til skulestart. Det er eit system som har mange trådar, mellom anna får ikkje ein gong elevane logga inn på systema våre, eller nytte Feide-integrerte tenester dersom ikkje alt er korrekt her. Tieto Education er det systemet som skal



Søre Sunnmøre IKT

levere grunnlagsdata om elevar, som trengs for å mellom anna generere konto for dei lokalt hos oss, og hos Feide.

Etter sommaren var det oppsett og konfigurering av Sensio. Dette er plattformproduktet som kommunane har valt for overvaking og drift av velferdsteknologi, som til dømes tryggleiksalarmar i bustadar, pasientvarslingsanlegg i institusjon i tillegg til ein god del andre sensorar til overvaking av pasientar. Her viste det seg, at alt for mykje kring kommunikasjonen som trengs mellom serverane i Sensio, dei ulike sensorane og mobile terminalar for mottak av alarmer, ikkje var godt nok dokumentert og testa frå leverandør. Vi brukte særleg mykje tid og ressursar på å få opp dette på ein måte som vi kan kalle trygg, både med tanke på teknisk tryggleik i kommunikasjonen og at løysinga er robust nok til å handtere så viktige funksjonar. Til jul kom vi så langt, at vi kunne ta til med utrullinga av alarmer og sensorar i januar/februar.

Brukarstøtte

Det er 12 IKT-tilsette som tek seg av brukarstøtte for dei 7 kommunane tilknytt Søre Sunnmøre IKT. Det er sett opp ein vaktplan der det er 3-4 tilsette som jobbar dedikert med brukarstøtte kvar dag. Vi har etablert eit eige rom for brukarstøttefunksjonen på Reiten der dei som har vakt sit samla. Vi ser at dette har stor verdi i forhold til kunnskapsdeling og det å danne eit fagmiljø. I tillegg har det ein verdi i forhold til å få sitje samla med resten av dei tilsette i organisasjonen og få bygge arbeidsmiljø og samarbeid på tvers av avdelingane.

Det er no innarbeidd ein praksis der dei tilsette i kommunane er flinke til å nytte seg av SSIKT si brukarstøtte og melder i all hovudsak inn saker i rette kanalar. Skillet mellom kommunane vert stadig svakare, sjølv om det framleis er nokre lokale skilnader. I løpet av 2018 har vi løyst i overkant av 10 000 supportsaker i vår avdeling, det utgjer omlag 90% av alle innkomne saker. Vi har hatt fokus på at flest moglege saker skal løysast ved fyrste kontakt og meiner vi leverer eit godt resultat på det området. Tala frå 2018 viser at vi løyser 66% av sakene same dag som dei vert meldt inn med ei gjennomsnittleg løysingstid på under ein time. Tilbakemeldingane frå dei tilsette rundt om i kommunane er positive, noko som syner igjen i resultatane frå brukarundersøkinga.

I løpet av året har vi arbeidd med å etablere «team» på kryss av avdelingane i SSIKT. Vi har etablert team innan nettverk, klient og velferdsteknologi. Dette gir dei tilsette høve til å fordjupe seg innan eit område samstundes som vi kan arbeide meir strukturert med ulike prosjekt som kjem inn til Søre Sunnmøre IKT. Fokus framover vil vere å utnytte ressursane der det er mest hensiktsmessig. Det vil gjerne vere å løyse oppgåver på tvers av kommunegrensene i endå større grad enn i dag og då særskilt med tanke på dei oppgåvene som ikkje gjeld brukarstøtte.

Fagområda

Fagområde – omsorg

Gerica har hatt stabil drift og samarbeidet mellom SSIKT og lokale systembrukarar fungerer godt. Det er lite feil. Programmet vart oppgradert i mai og november. Det er rundt 3000 tilsette som regelmessig brukar systemet, for dokumentasjon av helsehjelp ytt til litt over 5000 pasientar. Tal på elektroniske meldingar til og frå systemet, har auka betydeleg siste året. (58821 meldingar inn/ut mot 36842 i 2017)



eRom:

Sande var pilot knytt til bustad med heildøgns omsorg frå mai og tok ansvar for opplæring ved Myrvåg, 2 sjukeheimsavdelingar etter sommarferien. Dei brukar IPAD. Erfaringane frå pilotane vil vere avgjerande for korleis andre kommunar tek i bruk eRom i 2019/2020. Hovudinstrykket er at ein får dokumentere helsehjelp fortløpande og har verktøyet for hand. Det fungerer betre for langtidsbuarar, enn dei med korte og intensive opphald på sjukeheim.

Skifte av leverandør for medisin og multidose:

Norsk Medisinaldepot overtok leveranse frå Apotek 1 frå 01.01.2019. Det medførte mykje ekstraarbeid i desember med oppsett og test av elektroniske ordinasjonskort til Gerica. Leverandør har kjøpt tenester frå eksterne for det som gjeld elektronisk samhandling og brukar ikkje vedteken standard. Det har dei lovd skal på plass vår 2019.

Rapportering til Kommunalt Pasientregister (KPR, tidlegare IPLOS-rapportar)

Helsedirektoratet endra rapporteringsmåte frå IPLOS-rapportering via SSB/ Skatteetaten til ny løysing via NHN og sending til KPR-registeret. Endring, test og godkjenning var på plass i januar 2019.

Helsestasjonsprogram:

5 kommunar brukar HsPro med meldingstenar Visma Link, medan 2 kommunar brukar CGM helsestasjon med Dips meldingstenar. CGM kontora vart oppdatert i november og alle stasjonane samhandlar no etter godkjent standard for elektroniske meldingar, så langt det er teknisk mulig. I løpet av året er det etablert meir samhandling mellom tenestene og eksterne.

Begge leverandørar har hatt tekniske utfordringar for at meldingsflyt skal gå som forventa. Fagkonsulentane har også dette året brukt om lag 15 % ressurs i oppfølging. Det er ingen frikjøp i kommunar for systemansvar lokalt, men nokre av leiarane har noko administrativ tid som dei prøver å bruke til oppfølging av fag/program, meldingsflyt og rutinar.

Fagprogramma ved helsestasjonane er pr.i dag ikkje tilknytt godkjent arkivkjerne, noko som er lovpålagt. Dette medfører ekstraressurs til scanning /utskrifter ved arkivering av journalar og utsending av brev. Godkjent arkivkjerne er med i kravspesifikasjon for anbod i 2019.

Fagkonsulentane i SSIKT møter faggruppa av helsesjukepleiarar regelmessig, knytt opp til nytt felles prosjekt for digital helsestasjon, møter omkring samhandling og rutinar, samt anbod nytt helsestasjonsprogram. Prosjektmidlar i høve til digitalisering av helsestasjon er kanalisert til Ulstein som vertskommune og sjustjerna helse og omsorg som styringsgruppe. Inge Pettersen vart tilsett som prosjektleiar frå oktober 2018. Han har fått hovudansvar saman med faggruppa for utarbeiding av kravspesifikasjon for ny felles programvare for helsestasjonstenestene. Anbodsarbeidet vart vedteke i strategigruppa i juni. Arbeid med kravspesifikasjonen starta etter sommarferien og levert til strategigruppa i desember 2018. Anbod skal lysast ut vår 2019.

Fagområde – oppvekst

I slutten av 2017 signerte SSIKT kontrakt om innkjøp av nytt oppvekstadministrativt system, på vegne av Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven og Volda. Dette skal vere ei fullstendig administrasjonsløysing for både skule, SFO og barnehage, samt eit verkty for kommunikasjon mellom føresette og den enkelte eining.



Søre Sunnmøre IKT

I løpet av første halvår i 2018 rigga kommunane seg for å ta i bruk systemet - utarbeiding av malar, registrering av grunndata og kursing av superbrukarar og skuleleiarar.

Løysinga for skule vart tatt i bruk ved skulestart i august, til tross for store manglar i høve til kontrakta. I slutten av august vart det tilsett ny prosjektleiar/systemansvarleg, som har hatt som hovudoppgåve å halde kontakt med leverandøren (Tieto) og sjå til at det vert framdrift i prosjektet.

Tieto har gjennom hausten oppgradert med nye funksjonar og feilrettingar med 3-4 vekers mellomrom, noko som viser at systemet framleis er under utvikling.

Samla sett har ein likevel fått på plass mykje ved årsslutt:

Administrasjonsløysing med opplysningar om alle einingar, i tillegg til register over tilsette, barn og føresette.

«Lærarmodul» der ein kan føre fråvær, merknadar og karakterar.

Integrasjon mot Agresso - personalimport kvar natt, i tillegg arbeider ein med fil for fakturagrunnlag for SFO. Herøy vert første kommune ut.

Sikker arbeidsflyt der ein handterer sensitive dokument som til dømes IOP'ar og melding til barnevernet.

App for føresette der det er mogleg å melde fråvær og sjå barnet sin timeplan i skulen.

TimeEdit – ekstern timeplanleggar som synkar mot lærarmodulen og appen for føresette.

Import av folkeregisteruttrekk. Frå 1.1.2019 vert det manuelt importert endringsuttrekk kvart kvartal, noko som sikrar oss oppdaterte opplysningar om barn og deira familier.

I november heldt Tieto oppfriskingskurs i barnehageløysinga som skal ha oppstart 1.1.19. SFO har til no vorte nytta i liten grad, grunna manglane i leveransen.

Prosjektet har så langt vore prega av store forseinkingar frå leverandøren, men elles eit svært godt samarbeid mellom dei involverte kommunene. Målet frå dag ein har vore å halde på eit likt oppsett for å lettare kunne støtte kvarandre og det har ein lukkast med.

Fagområde – Økonomi og løn

Hege Nærum Wold vart tilsett som vikar for Elisabet Aklestad i første del av 2018. Hege hadde systemansvar for økonomi og lønnsområdet i 60-70 % stilling fram til august 2018, då Elisabet kom tilbake frå svangerskapspermisjon. Etter dette fekk Søre Sunnmøre IKT tilsette Hege på permanent basis i 60 % stilling, med fagansvar for lønnsområder, medan Elisabet har hatt 80 % stilling med fagansvar for økonomi.

Pågåande prosjekt i 2018 har vore innføring av ny, heilelektronisk reiserekning, koordinering av faggrupper, integrasjon mot Tieto Education og oppgradering til Unit4 Business World (tidlegare kalt Agresso) versjon Milestone 7.

Ny, heilelektronisk reiserekning: i desember 2017 blei det inngått avtale med Evry om innføring av Unit4 Travel & Expenses (Current Reise og Utlegg). Førespeila driftsstart for Vanylven og SSIKT var



Søre Sunnmøre IKT

datert april 2018. Pga. ei rekke uføresette hendingar hos leverandør, kom ikkje desse i produksjon før i slutten av desember 2018. Avtalen er inngått for alle kommunane i samarbeidet, og resten vil kome i drift primo 2019.

Koordinering av faggrupper: det har blitt gjennomført faggruppemøter for både økonomi- og lønnsområdet i løpet av 2018. Hege og Elisabet har vore til stade på desse, og har ansvar for innkalling, referat og koordinering.

Integrasjon mot Tieto Education: seks av kommunane på Søre Sunnmøre har teke i bruk nytt, oppvekstadministrativt system i løpet av 2018. Hege og Elisabet har bistått med å sette opp personalimport frå UBW til TE, filimport av kundefiler og ordrefiler for SFO og oppsett for filimport av variable lønnsstransaksjonar innan skule- og førskule. Dette prosjektet vil halde fram i 2019.

Oppgradering til M7: avtale om oppgradering til nyaste versjon av Unit4 Business World vart inngått i september 2018. Bakgrunnen for oppgraderinga var spesielle systemkrav i samband med nytt refusjonsreglement som ikkje vart stetta i gammal versjon. Grunna forseinka leveranse av ny refusjonsmodul, vart gjennomføring av oppgradering utsett til januar 2019.

I slutten av 2018 tok systemansvarlege innanfor dei ulike fagområda i bruk Søre Sunnmøre IKT sitt felles system for innmelding av supportsaker. Vi har hatt fokus på å få brukarane til å nytte dette systemet for innmelding av feil og endringsynskje. Dette vil bli eit godt verktøy for oversikt over innmeldte saker og tidsbruk per sak, og vil bli rapportert på i komande år.

Fagområde – Sak/arkiv og portal

Stillinga som systemansvarleg for sak- arkiv og portal for dei 7 medlemskommunane kom på plass frå 1. februar 2018.

Oppgradering og redesign heimesider:

Alle kommunane sine Internettportalar vart samla i ein felles installasjon i prosjektet for oppgradering og redesign av heimesidene til kommunane. Ørsta kommune hadde allereie siste versjon av Internettportalen og var ikkje med i det felles oppgraderingsprosjektet. Ørsta måtte likevel gjere nokre tilpassingar til heimesidene for å vere med i den felles installasjonen. Sande kommune hadde ikkje heimesider frå Acos frå før, slik at for dei vart dette også eit innføringsprosjekt for ny Internettportal.

Prosjektet var i praksis å bygge opp heimesidene for kommunane på nytt heilt frå grunnen av.

Prosjektet vart gjennomført av kommunane på ein svært god måte, og grunnstrukturen på heimesidene til kommunane er no lik og brukarane kjenner seg igjen på heimesidene til alle kommunane på Søre Sunnmøre. Ved vidare oppgraderingar går no kommunane i takt, alle er på same versjon og ved oppgradering av Internettportalen blir alle kommunane oppgradert til same versjon samstundes. Dei nye heimesidene vart lansert 16. oktober 2018.

Nytt sak- arkiv system anbodskonkurranse:

Våren 2018 vart det oppretta ein prosjektstruktur for anskaffing av nytt sak- arkiv system.

Prosjektgruppa vart satt saman av arkivleiarane i kommunane og rådmannsgruppa vart styringsgruppa. I tillegg vart det oppretta ei referansegruppe der saksbehandlarar frå dei fleste saksområda var representert.

Prosjektgruppa og arbeidsgruppa jobba etter ein stram tidsplan for å få lyst ut konkurransen i god tid før sommaren. I praksis vart arbeidet med kravspesifikasjonen gjennomført på rundt 2 mnd. Det vart

Søre Sunnmøre IKT

Reiten 22

6065 Ulsteinvik

www.ssikt.no

post@ssikt.no

Org nr: 919 824 573



Søre Sunnmøre IKT

halde leverandørdialog med tre leverandørar. Det vart gjennomført ei anbodskonkurranse med prekvalifisering og forhandlingar. Konkurransgrunnlaget for prekvalifiseringa vart kunngjort i byrjinga på mai. I byrjinga av september var det klart at Acos vann anbodskonkurransen.

Innføring av Acos WebSak:

Arbeidet med innføring av Acos WebSak starta raskt etter kontraktskriving med Acos.

Prosjektgruppa danna strukturen for innføringsprosjektet og starta opp med arbeidsgrupper for dei største fagområda som nytta sak- arkiv systemet til saksbehandling.

Før utgangen av 2018 var det gjennomført oppstartsmøte med Acos, ein prosjektplan var på plass med tidfesta datoar for alle kurs for saksbehandlarane. Den tekniske installasjonen av programmet var på plass og systemet var klart til kursing rett over nyttår.

GDPR og databehandlaravtalar:

Våren 2018 var SSIKT også aktivt med i den interkommunale gruppa for GDPR. Denne gruppa jobba for å få på plass rutinar i kommunane knytt til den nye personvernforordninga. Arbeidet resulterte i ei «Personvernhandbok» med rutinar knytt til alle relevante punkt i personvernforordninga, samt eit sett med malar som kommunane kan nytte.

Som følge av GDPR var det også naudsynt å revidere alle eksisterande databehandlaravtalar for kommunane og inngå nye databehandlaravtalar der dette ikkje var på plass. SSIKT var med i ei nedsett gruppe som skulle vurdere databehandlaravtalane før kommunane skreiv under på dei. Dette viste seg å vere eit svært omfattande og arbeidskrevjande arbeid. Resultatet var at kommunane ved nyttår vedtok å tilsette ein jurist i eit vikariat i 6 mnd for å ta hand om dette for kommunane.

Guttorm Rimstad

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT

Ulsteinvik 12.03.2018

SØRE SUNNMØRE IKT

ssikt.no



REKNESKAP 2018

INNHALD

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT	2
REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN	3
REKNESKAPSSKJEMA 1B – DRIFTSOMRÅDET	4
ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING	5
REKNESKAPSSKJEMA 2A – INVESTERINGSREKNESKAPEN	6
REKNESKAPSSKJEMA 2B – INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT	7
BALANSEREKNESKAPEN	8-9
NOTE 1: KRETSLØP 1 – ARBEIDSKAPITALEN	10
NOTE 2: KRETSLØP 2 – EIGENKAPITALEN	11
NOTE 3: FORDRINGAR	12
NOTE 4 GJELD	13
NOTE 5 EGENKAPITALTILSKOT	14

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

Søre sunnmøre IKT				
Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Reguleringer 2018	Opprinnelig budsjett 2018
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	0	0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-33 053 812	-32 471 319	0	-32 471 319
Rammetilskudd	0	0	0	0
Andre statlige overføringer/Sjukelønn	-403 792	0	0	0
Andre overføringer	-2 908 218	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-36 365 822	-32 471 319	0	-32 471 319
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	13 599 124	15 497 581	-869 000	16 366 581
Sosiale utgifter	3 316 302	5 583 438	32 000	5 551 438
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	11 806 428	11 375 300	822 000	10 553 300
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	240 541	0	0	0
Overføringer	2 908 218	0	0	0
Avskrivninger	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	31 870 614	32 456 319	-15 000	32 471 319
Brutto driftsresultat	-4 495 208	-15 000	-15 000	0
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-59 988	0	0	0
Gevinst finansielle instrumenter	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-59 988	0	0	0
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	7 353	15 000	15 000	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Utlån	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter	7 353	15 000	15 000	0
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-52 635	15 000	15 000	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0
Netto driftsresultat	-4 547 844	0	0	0
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	0	0	0	0
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	0	0	0
Avsatt til bundne fond	0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	0	0	0	0
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-4 547 844	0	0	0

REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN

Vedlegg 1

Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinnelig budsjett 2018
Tall i 1 kroner			
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER			
Skatt på inntekt og formue	0	0	0
Ordinært rammetilskudd	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	0	0	0
Sum frie disponible inntekter	0	0	0
FINANSINNEKTER/-UTGIFTER			
Renteinntekter og utbytte	-59 988	0	0
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	7 352	15 000	15 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
Netto finansinntekter/-utgifter	-52 636	15 000	15 000
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER			
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0
Til ubundne avsetninger	0	0	0
Til bundne avsetninger	0	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0
Netto avsetninger	0	0	0
FORDELING			
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0
Til fordeling drift	-52 636	15 000	15 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-4 495 208	-15 000	-15 000
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	-4 547 844	0	0

REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSOMRÅDET

Vedlegg 2

Regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regulert			Opprinneli
	Regnskap 2018	budsjett 2018	Reguleringer 2018	g budsjett 2018
Netto driftsutgifter pr Ansvar				
Driftsenteret	-20 820 418	-19 429 298	-1 923 000	-17 506 298
Brukarstøtte/prosjekt	8 919 854	10 051 020	455 000	9 596 020
Strategi	432 824	805 200	-53 000	858 200
Fag-Omsorg	2 563 843	2 625 738	1 131 000	1 494 738
Fag-Økonomi og lønn	3 087 302	3 606 540	210 000	3 396 540
Fag-Sak/arkiv og web	915 569	1 145 400	90 000	1 055 400
Fag-Oppvekst	405 818	1 180 400	75 000	1 105 400
Netto for Avdeling	-4 495 208	-15 000	-15 000	0

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING

Økonomisk oversikt - Investering			
Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinnelig budsjett 2018
INNTEKTER			
Salg driftsmidler og fast eiendom	0	0	0
Andre salgsinntekter	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-8 298 482	-18 239 480	-18 239 480
Moms-kompensasjon	0	0	0
Statlige overføringer	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0
Sum inntekter	-8 298 482	-18 239 480	-18 239 480
UTGIFTER			
Lønnsutgifter	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	8 297 164	18 239 480	18 239 480
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	0	0	0
Overføringer	0	0	0
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0
Sum utgifter	8 297 164	18 239 480	18 239 480
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER			
Avdrag på lån	0	0	0
Utlån	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	1 318	1 318	1 318
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	0	0	0
Avsatt til bundne fond	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	1 318	1 318	1 318
Finansieringsbehov	0	0	0
FINANSIERING			
Bruk av lån	0	0	0
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0
Bruk av bundne fond	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0
Sum finansiering	0	0	0
Udekket / Udisponert	0	0	0

REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAPEN

Regnskapsskjema 2A - Investeringsregnskapet			
	Regnskap	Regulert	Opprinnelig
Tall i 1 kroner	2018	budsjett	Budsjett
	2018	2018	2018
FINANSIERINGSBEHOV			
Investeringer i anleggsmidler	8 298 482	18 239 480	18 239 480
Utlån og forskutteringer	0	0	0
Kjøp og sal av aksjar	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Avsetninger	0	0	0
Årets finansieringsbehov	8 298 482	18 239 480	18 239 480
FINANSIERING			
Bruk av lånemidler	0	0	0
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 298 482	-18 239 480	-18 239 480
Andre inntekter	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-8 298 482	-18 239 480	-18 239 480
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	0	0	0
Bruk av avsetninger	0	0	0
Sum finansiering	-8 298 482	-18 239 480	-18 239 480
Udekket / Udisponert	0	0	0

REKNESKAPSSKJEMA 2B – INVESTERINGSREKNESKAPEN FORDELT PÅ PROSJEKT

REGNSKAPSSKJEMA 2B INVESTERINGSREGNSKAPET FORDELT PÅ

Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinnelig budsjett 2018
Fra regnskapsskjema 2A:				
Investeringer i anleggsmidler	8 298 482	0	18 239 480	18 239 480
Fordeling på				
Gjenstående prosjekt 2017	2 020 111	0	2 382 230	2 382 230
Maskinvare driftsenterer	2 875 744	0	5 375 000	5 375 000
Programvare driftsenteret	691 675	0	3 125 000	3 125 000
IP telefoni	633 529	0	1 875 000	1 875 000
GDPR teknisk			625 000	625 000
Antivirus	259 171	0	437 500	437 500
Egenkapitaltilskot	1 318	0	0	0
Geric/omsorg	391 067	0	400 000	400 000
Velferdsteknologi			1 200 000	1 200 000
Agresso M7 oppgradering	40 850	0	437 500	437 500
ID-Porten			125 000	125 000
System for utfasa program			125 000	125 000
Sak/arkiv	669 202	0	0	0
Tieto skule 2017	715 816	0	2 131 250	2 131 250
Sum fordelt	8 298 482	0	18 238 480	18 238 480

BALANSEREKNESKAPEN

Balanseregnskapet			
Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2018	Regnskap 2017
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg		0	0
Utstyr, maskiner og transportmidler		0	0
Utlån		0	0
Aksjer og andeler	1	1 318	0
Pensjonsmidler		0	0
Sum anleggsmidler		1 318	0
OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer	2	5 913 510	0
Premieavik		0	0
Aksjer og andeler		0	0
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	3	7 966 413	0
Sum omløpsmidler		13 879 923	0
Sum eiendeler		13 881 241	0
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond		0	0
Bundne driftsfond		0	0
Ubundne investeringsfond		0	0
Bundne investeringsfond		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	4	-4 547 844	0
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto		-1 318	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)		0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)		0	0
Sum egenkapital		-4 549 162	0

GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Pensjonsforpliktelser		0	0
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån		0	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld	5	-9 332 080	0
Premieavik		0	0
Sum kortsiktig gjeld		-9 332 080	0
Sum egenkapital og gjeld		-13 881 241	
Ubrukte lånemidler		0	0
Andre memoriakonti		0	0
Motkonto for memoriakontiene		0	0
Sum memoriakonti		0	0

NOTE 1: Kretsløp 1 – ARBEIDSKAPITALEN

	Kapittel	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
Omløpsmidler	2.1	-	13 879 923	13 879 923
Kortsiktig gjeld	2.3	-	9 332 080	9 332 080
SUM ENDRING I BALANSEN				4 547 843
Endring mem.konti ubrukte lånemidler				-
Sum endring for avstemming mot drifts- og investeringsregnskapet				4 547 843,00
FRA DRIFT OG INVESTERING:				
		Fra drift	Fra investering	
Sum inntekter		36 365 822	8 298 482	
Sum utgifter		31 870 614	8 297 164	
Avskrivninger		-		
Eksterne finansieringsinnt.		59 988	-	
Eksterne finansieringsutg.		7 353	1 318	
SUM DIFF. DRIFTS/INVESTERINGS		4 547 843	-	4 547 843
Forside				
DIFFERANSE		(SKAL VÆRE 0,-)		-

NOTE 2: Kretsløp 2 – EIGENKAPITALEN

	Kapittel	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring					
Egenkapital	2.5	-	(4 549 162)	(4 549 162)					
Kapitalkonto	2.5990	-	(1 318)	(1 318)					
Sum endring for avstemming mot drifts- og investeringsregnskapet				-4 547 844,00					
FRA DRIFTSREGNSKAPET									
	ARTER	Fra drift							
Sum bruk av avsetninger	930-960	-							
Årets regnsk.m. merforbruk	980	-							
Avsetninger	530-570	-							
Årets regnsk.m. mindreforbruk	580	4 547 844							
Overføring til investeringsregnskape	570	-							
SUM DIFF. DRIFT		4 547 844		4 547 844					
FRA INVESTERINGSREGNSKAPET									
Sum finansiering	910-970	-							
Årets merforbruk	980	-							
Overført fra drift	970	-							
Bruk av lån	910	-							
Aksjesalg og mottatte avdrag	920,929	-							
Sum finansieringstrans.	510-560	1 318							
Avdrag på lån	510	-							
Utlån/kjøp av aksjer	520,529	1 318							
SUM DIFF. INVESTERING		-		-					
<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 100px; text-align: center;">Forside</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </table>					Forside				
Forside									
DIFFERANSE		(SKAL VÆRE 0,-)		-					

NOTE 3: FORDRINGAR

Kortsiktige fordringar er samansett av:			
Konto	Konto (T)		Beløp
21310015	NAV INTERIMKONTO		-7 490
21310030	OPPGJERSKONTO MOMSKOMPENSASJON		895 278
21375100	KUNDERESKONTRO		5 025 721
SUM			5 913 510

NOTE 4: GJELD

KORTSIKTIG GJELD ER SAMANSETT AV:					
Konto	Konto (T)				Beløp
23214003	ARBEIDSGJEVARAVGIFT				-244 384
23214006	FORSKOTSTREKK				-587 033
23270000	LEVRANDØRGJELD KORR PERIODE				1 266 032
23270010	PÅLØPT KOSTNAD PR 31.12				-128 269
23270020	KOMMUNER BALANSERING INVESTERING				-59 549
23299003	FERIEPENGER D.Å.				-1 448 948
23299004	ARB.GJ.AVG. opptj. feriepenger D.Å.				-204 302
23499501	LEVRANDØRRESKONTRO				-7 925 627
SUM					-9 332 080

NOTE 5: EIEKAPITALTILSKOT



Søre Sunnmøre IKT

Forsikringstakernr.: 11575001

Kommunal Landspensjonskasse
Gjensidig forsikringsselskap
Orgnr: 938 708 606 Foretaksregisteret
Pb. 400 Sentrum, 0103 Oslo
Tlf: 55 54 85 00
www.klp.no

Att. økonomiansvarlig

22. januar 2019

Egenkapitaltilskudd til KLP 2018

I dette brevet fremgår innbetalt egenkapitaltilskudd i 2018 (se tabell). Egenkapitaltilskudd i KLP skal regnskapsføres som en eiendel i balansen.

Beløpet som skal føres i regnskapet for 2018 er i utgangspunktet egenkapitaltilskuddet fra balansen 31.12.2017 tillagt innbetalt egenkapitaltilskudd i 2018 (fremgår i tabellen nedenfor).

Innbetalt egenkapitaltilskudd i 2018		
Fellesordningen for kommuner og bedrifter	kr	1 318

Alternativ verdsettelse av egenkapitaltilskuddet i regnskapet

Verdien av hver kundes andel av egenkapitaltilskudd og premiereserve fremkommer i kontoutskriftene som vi sender ut i slutten av mai. For enkelte kunder kan innbetalt egenkapitaltilskudd være noe høyere enn deres andel av egenkapitaltilskuddet i KLP. Dette gjelder i hovedsak kunder som av spesielle årsaker har en vesentlig reduksjon i premiereserven. Hvis så er tilfelle, og dere antar at verdifallet vil være varig og ha vesentlig effekt på regnskapet, skal verdien av egenkapitaltilskuddet nedskrives til verdien av deres andel av det totale egenkapitaltilskuddet i KLP. Dersom dere har behov for å sjekke dette før dere får kontoutskriften, kan dere ta kontakt med kunde- og salgsleder hos oss og få oppgitt en estimert verdi.

For de som avlegger regnskap etter internasjonale regnskapsstandarder IFRS, henviser vi til reglene i IAS 39/IFRS 9 for verdsettelse.

Ta gjerne kontakt med våre kunde- og salgsledere dersom dere har spørsmål til dette.

Med vennlig hilsen
Kommunal Landspensjonskasse